


Ein ny og større kommune i ytre Nordfjord? Kommunereform



Eid kommune
Vågsøy kommune
Selje kommune

Innhald:

Sidetall

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing | 3 |
| 2. Om reformbehovet | 3 |
| 3. Mål og rammer for reforma | 3 |
| 4. Kriterier for kommunane | 4 |
| 5. Framtidsbilete | 6 |
| 6. Faktainformasjon | 7 |
| 6.1 Folketalsutvikling og demografi. | 7 |
| 6.2 Overordna statlege planar/andre planar | 11 |
| 6.3 Areal og arealbehov | 13 |
| 6.4 Tenesteproduksjon | 13 |
| 6.5 Sysselsetting og næringssamansetting | 15 |
| 6.5.1 Sårbarheitsindikator | 18 |
| 6.6 Pendling | 18 |
| 6.7 Kommunalt tilsette | 19 |
| 6.8 Økonomisk status | 20 |
| 6.9 Andre økonomiske effekter ved samanslåing | 24 |
| 6.10 Interkommunalt samarbeid | 25 |
| 6.11 Organisering | 27 |
| 6.12 Teknologi | 30 |
| 6.13 Avstandar | 30 |
| 7. Framtidige oppgåver | 31 |
| 8. Tenestetilbodet | 33 |
| 9. Interkommunalt samarbeid | 36 |
| 10. Utvikling av ein felles buregion | 36 |
| 11. Korleis kan ein ny kommune vere utviklingsaktør | 36 |
| 12. Politisk organisering | 37 |
| 13. Administrativ organisering | 38 |
| 14. Tenesteproduksjon | 38 |
| 15. Økonomi | 39 |
| 16. Oppsummering og konklusjon | 42 |

1. INNLEIING

Ved handsaminga av kommuneøkonomiproposisjonen 2015 vedtok Stortinget 18. juni 2014 å slutte seg til Regjeringa sitt forslag om å gjennomføre ei kommunereform. Kommunane har fått oppgåva med å vurdere om kommunesamanslåing er aktuelt for den einkilde kommune. Kommunane er bedt om å gjere sine vedtak innan utgangen av juni 2016. Stortinget skal handsame ei samla sak om kommunestruktur i juni 2017, og nye kommunar er tenkt å vere etablert seinast frå 2020.

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje har med bakgrunn i dette vedteke å greie ut ei samling av desse kommunane som eit ledd i kommunereformarbeidet. Avgjerd om kor vidt samanslåing skal skje heilt eller delvis skal tuftast på ei utgreiing som gjev tilstrekkeleg grunnlag – både for politiske avgjerder og som grunnlag for innbyggjarundersøking og mogeleg folkerøysting.

2. OM REFORMBEHOVET.

Er det behov for å endre kommunekartet i Norge no? Det er nok delte oppfatningar om dette behovet. Det ein kan slå fast er at det norske samfunnet har gått gjennom store endringar sidan siste store strukturgjennomgang på 1960-talet, og mykje er framleis i endring. Mange av desse endringane har påverka rammevilkåra for kommunane sitt virke, og vil også få konsekvensar for den framtidige utviklinga. Sentrale endringstrekk er:

- Auka folketal og sentralisering.
- Globalisering.
- Nye arbeidsformer og ny teknologi.
- Transportinfrastrukturen.
- Betydeleg vidareutvikling av velferdsstaten.
- Auka rettsleggjing og sterkare statleg detaljstyring.
- Kraftig auke i bruk av interkommunalt samarbeid.

3. MÅL OG RAMMER FOR REFORMA.

Følgjande overordna mål er skissert frå Stortinget:



Noko meir konkretisert betyr dette følgjande sett frå regjeringa si side:

1. Gode og likeverdige tenester til innbyggerane

Større kommunar med betre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tenester over heile landet. Større fagmiljø vil gje meir stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetanse og ei breiare tiltaksportefølje, særleg i små og spesialiserte tenester.

2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.

Kommunesektoren skal verte betre i stand til å løyse nasjonale utfordringar. Reforma skal betre føresetnadane for ei styrka og samordna lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjeld arealbruk, samfunnssikkerheit- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklinga i kommunen. Det er ønskeleg at kommunegrensene i større grad er tilpassa naturlege bo- og arbeidsmarknadsregionar.

3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar.

Større kommunar vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha ei meir variert befolknings- og næringssamansetting. Det gjer kommunane meir robuste overfor uføresette hendingar og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar vil legge til rette for ein meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rammer.

4. Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.

Større og meir robuste kommunar kan få fleire oppgåver. Dette vil gje auka makt og mynde til kommunane, og dermed auka lokalt sjølvstyre. Større kommunar vil også redusere behovet for interkommunale løysingar. Færre og større kommunar som gjennomfører ein velferdspolitik i høve til nasjonale mål, vil redusere behovet for statleg detaljstyring. Kommunane vil slik få større fridom til å prioritere og til å tilpasse velferdstilbodet til innbyggerane sine behov.

Så langt regjeringa sine vurderingar.

Fleire «delreformer» i reformarbeidet.

Under paraplyen «kommunereform» er det fleire vesentlege forhold som gjeld kommunane sine rammevilkår som skal utgreiast i åra framover til og med 2017. Dette gjeld kommunestrukturen, oppgåvene til kommunane og finansiering av kommunane

Stortinget legg vekt på av samanslåingar av kommunar skal skje frivillig.

4.KRITERIER FOR KOMMUNANE.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sette i 2014 ned eit ekspertutval som på fritt fagleg grunnlag skulle foreslå kriterier som har avgjerd for oppgåveløysinga i kommunane. Utvalet kom fram til følgjande kriterier:

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon

5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet.

Kriterier for staten:

11. Brei oppgåveportefølje
12. Statleg rammestyring

OPPGÅVER:

Kommunane har 4 roller:



Samanhengen mellom dei samfunnsmessige omsyn og dei kriteria som er lagt til grunn for kommunane sine ulike roller:

| Samfunnsmessige omsyn | Kriterier |
|---|--|
| TENESTEYTING | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i tenestene • Effektiv bruk av samfunnet sine ressursar • Likeverd | <ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg kapasitet • Relevant kompetanse • Effektiv tenesteproduksjon • Økonomisk soliditet • Valfridom • Statleg rammestyring |
| MAKTUTØVAR | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Rettssikkerheit | <ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg kapasitet |

| | |
|--|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Relevant kompetanse • Tilstrekkeleg distanse |
| SAMFUNNSUTVIKLING | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg ivaretaking av areal- og transportinteresser tilpassa klima og miljøomsyn • Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet | <ul style="list-style-type: none"> • Funksjonelle samfunnsutviklingsområder • Tilstrekkeleg kapasitet • Relevant kompetanse |
| DEMOKRATISK ARENA | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Betydningsfulle oppgåver og rammestyring • Lokal politisk styring • Levande lokalt folkestyre • Aktiv lokalpolitisk arena | <ul style="list-style-type: none"> • Høg politisk deltaking • Lokal politisk styring • Lokal identitet • Brei oppgaveportefølje • Statleg råmestyring • |

5. FRAMTIDSBILETE

Kommunane er i aukande grad påverka av nasjonale og globale utfordringar. Demografi og kommunikasjonar har endra dei funksjonelle samfunnsutviklingsområda. Dei fleste funksjonelle samfunnsutviklingsområda dekker i dag fleire kommunar.

Rolla som aktiv samfunnsutviklar vert utfordra av den sterke sentraliseringskraft i offentleg og privat sektor. Det gjeld busetnad, sysselsetting og tenestetilbod. Spørsmålet er om ein ny og større kommune betre kan fylla samfunnsutviklar-rolla og stå sterkare rusta som motvekt mot utflytting og sentralisering.

Innovasjon, næringsutvikling, tettstadutvikling og auka attraktivitet krev kompetanse og kapasitet. Evna til å etablere møteplassar, partnerskap og samhandling med eit breitt spekter av aktørar på ulike nivå vert utfordra.

Følgjande utviklingstrekk vil få betydning for kommunane i regionen:

1. Konkurranses om kompetanse/arbeidskraft.
Vil framtidens arbeidstakar legge vekt på m.a. følgjande forhold ved val av arbeidsplass?
 - Faglege utfordringar i eit stimulerande arbeids-/fagmiljø.
 - Jobbmoglegheiter for begge ektefellene
 - God tilgang på offentlege tenester som t.d. barnehagar, vidaregåande skule, helsetilbod og kulturelle tilbod.
2. Framleis krav til effektivisering
Ein vil framleis oppleve krav om effektivisering av det offentlege tenesteproduksjonen, og at verkemidlane vil vere konkurranseutsetjing, ønskje om strukturelle endringar som for eksempel kommunesamanslåingar og ulike former for interkommunalt samarbeid og selskapsdanningar.

3. Framleis press mot den kommunale økonomien.

Årsakene til dette vil m.a. skuldast:

- Meir beviste og kravstore brukarar
- Utvida bruk av rettighetslovgjeving og forventningar om individuell tilpassing
- Statlege gode velferdsordningar som ikkje vil bli fullfinansierte
- Den demografiske utviklinga (Færre yrkesaktive og færre barn og fleire eldre).

4. «Endra» statleg distriktpolitikk.

I dette ligg m.a. at staten i sin distriktpolitikk har ein stordriftsfilosofi som dels har som konsekvens at det vert satsa på større senter og at staten i regionaliseringa av statleg verksemd ser bort frå eksisterande administrative grenser og er tilfeldige i den forstand at dei opererer med ulike regionar for ulik verksemd.


Sentrale spørsmål kan vere:

- Korleis kan ei kommunesamanslåing påverke rolla som utviklingsaktør. Og kva vinstar vil det vere mogeleg å realisere?
- Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysingar på tvers av kommunegrensene?
- Kva føremonar gjev færre kommunegrenser i planlegging av ei langsiktig og heilskapleg utvikling?
- Reduserer ein samanslegen kommune behovet for interkommunalt plansamarbeid?
- Korleis er inn- og utpendlingsmønsteret i regionen og mellom samanslåingskandidatane?
- Gjev samanslåing betre kapasitet til å drive innovasjonsarbeid?
- I kva grad er det skilnad mellom kommunane i synet på framtidig utvikling og kva er eventuelt desse skilnadane?

6.FAKTAINFORMASJON.


6.1 Folketalsutvikling og demografi:

Per 1. januar 2015 er samla folketal i kommunane Eid, Vågsøy og Selje 14 821




Samla har dei 3 kommunane ein nedgang i folketal på 3,3 % frå 2000 til 2015
 Eid kommune har ein vekst på 3,6%. Vågsøy kommune har ein nedgang på 6,1% og Selje ein nedgang på 10,2 % i same periode.

| | 1980 | 2000 | 2015 |
|--------|--------|--------|--------|
| Eid | 5 086 | 5 780 | 5 987 |
| Vågsøy | 6 503 | 6 479 | 6 082 |
| Selje | 3 380 | 3 066 | 2 752 |
| | 14 969 | 15 323 | 14 821 |



Framskriving (SSB alternativ MMM)

| | 2020 | 2030 | 2040 |
|--------|--------|--------|--------|
| Eid | 5 968 | 6 080 | 6 139 |
| Vågsøy | 6 203 | 6 422 | 6 575 |
| Selje | 2 743 | 2 747 | 2 722 |
| Samla | 14 914 | 15 249 | 15 436 |



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Folketalsutvikling – Innanlands flytting, Innvandring og fødselsoverskot.

| | | Innb. 1.1. | Innanlands flytting | Innvandring | Fødselsoverskot | Innb. 31.12. |
|---------------|------|---------------|------------------------|-------------|-----------------|-----------------|
| Eid | 2014 | 5 926 | -2 | 50 | 13 | 5 987 |
| | 2013 | 5 920 | -66 | 44 | 28 | 5 926 |
| | 2012 | 5 950 | -56 | 15 | 12 | 5 920 |
| | 2011 | 5 905 | 9 | 23 | 13 | 5 950 |
| | 2010 | 5 849 | 5 | 25 | 25 | 5 905 |
| Vågsøy | 2014 | 6091 | -54 | 61 | 12 | 6082 |
| | 2013 | 6119 | -71 | 76 | 0 | 6091 |
| | 2012 | 6129 | -59 | 87 | -4 | 6119 |
| | 2011 | 6030 | -11 | 104 | 15 | 6129 |
| | 2010 | 5849 | -47 | 106 | -7 | 6030 |
| Selje | 2014 | 2782 | -39 | 15 | 3 | 2752 |
| | 2013 | 2789 | -3 | 12 | -8 | 2782 |
| | 2012 | 2831 | -35 | 15 | -14 | 2789 |
| | 2011 | 2810 | 2 | 32 | -10 | 2831 |
| | 2010 | 2821 | -8 | 18 | -15 | 2810 |

Tabellen viser at den innenlands flyttinga er negativ, men fødselsbalansen er positiv for Eid, mens for Selje har det slått negativt ut dei siste åra.. Den største årsaka til vekst totalt viser seg å vere innvandring.. Ein ser at innvandringa var høgare for nokre år sidan i Vågsøy, mens her har Eid den største auken..

Aldersgrupper:

Framskrevet folkemengde, etter kommune, alder, tid

2015

| Kommune | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---------|----------|-----------|------------|------------|------------|----------------|
| Samla | 994 | 1899 | 864 | 8588 | 1638 | 838 |
| Vågsøy | 425 | 761 | 328 | 3517 | 664 | 387 |
| Eid | 419 | 820 | 362 | 3470 | 634 | 282 |
| Selje | 150 | 318 | 174 | 1601 | 340 | 169 |

2020


| Kommune | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---------|----------|-----------|------------|------------|------------|----------------|
| Samla | 1009 | 1881 | 773 | 8457 | 1924 | 870 |
| Vågsøy | 413 | 790 | 303 | 3536 | 780 | 381 |
| Eid | 407 | 806 | 331 | 3383 | 736 | 305 |
| Selje | 189 | 285 | 139 | 1538 | 408 | 184 |

2040

| Kommune | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---------|----------|-----------|------------|------------|------------|----------------|
| Samla | 976 | 1815 | 766 | 7966 | 2304 | 1609 |
| Vågsøy | 419 | 756 | 314 | 3466 | 943 | 677 |
| Eid | 386 | 718 | 306 | 3198 | 935 | 596 |
| Selje | 171 | 341 | 146 | 1302 | 426 | 336 |

ALDERSGRUPPER

Framskrevet utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.



Innbyggere 20-66 år i forhold til eldre innbyggere

Dette viser tal innbyggjarar i arbeidsfør alder (20-66 år) per innbyggjar 67 år og over og 80 år og over. Ein reduksjon i forholdstalet mellom dei to gruppene betyr at det er færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar i dei to aldersgruppene.

67 år og over

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---------|------|------|------|
| Samla | 3,5 | 3 | 2 |
| Vågsøy | 3,3 | 3 | 2,1 |
| Eid | 3,8 | 3,2 | 2,1 |
| Selje | 3,1 | 2,6 | 1,7 |

80 år og over

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---------|------|------|------|
| Samla | 10,2 | 9,7 | 5 |
| Vågsøy | 9,1 | 9,3 | 5,1 |
| Eid | 12,3 | 11,1 | 5,4 |
| Selje | 9,5 | 8,4 | 3,9 |

6.2 OVERORDNA STATLEGE PLANAR/ANDRE PLANAR:

Stadt skipstunnel



Kjelde www.skipstunell.no

Arbeidet med å få gjennomslag for bygging av Stadt skipstunell har pågått i fleire år, og samarbeidspartar er mellom anna Selje og Vågsøy kommunar.

Samferdselsdepartementet har bede Kystverket om å utarbeide eit forprosjekt om Stadt skipstunell som er ein del av arbeidet med eit forslag som kan leggest fram for stortinget. Ein går no vidare med det største tunnelalternativet i forprosjektfasen.

Det betyr til dømes at hurtigruteskipet MS Midnattsol og tilsvarande fartøy skal kunne seile gjennom tunnelen.


Stadt skipstunell er omtalt i Nasjonal transportplan 2014-2023 og er ei viktig prosjekt for regionen og heile vestlandskysten. Særleg vil den ha betydning for næringslivet og redusere risikoen forulukker.

Bakgrunnen for prosjektet er dei spesielle seilingsforholdene ved Stad. Ein kombinasjon av havstrømmer og undersjøisk topografi skaper krevende seilingsforhold med høge bølger, som kjem frå ulike kanter samtidig. Dette fører mellom anna til at fartøy ventar i stedet for å passere Stad under dårlige værforhold.

Forprosjektet skal gjennom ekstern kvalitetssikring fase 2. Når kvalitetssikringa ligg føre,

kan det leggest fram ei avgjerande sak for Stortinget. Prosjektet ligg an til å kunne starte opp tidlegast i neste stortingsperiode.

Kystvegen – 45 minutters regionen



Kjelde:

www.45minuttersregionen.no
www.kystvegen.no

45 minuttersregionen er ein del av Kystvegen Ålesund - Bergen.

Kystvegen Måløy – Florø AS vart etablert i juni 2011 med det formål å føre vidare arbeidet med å få bygd en kystveg mellom Måløy og Florø, via Svelgen. Aksjeselskapet er godt forankra i regionen. Mellom anna Selje og Vågsøy kommunar er aksjonærar i selskapet.

Etter oppdrag frå Kystvegen Måløy – Florø vart ein trafikk og finansieringsanalyse av ny veg mellom Måløy og Florø vart presentert mellom anna i Vågsøy kommunestyre 19.juni i år Her vart to alternativ presenterte..

Næringslivet på Vestlandskysten står for ein betydeleg del av verdiskapinga i Noreg. Dette Næringslivet treng ein rasjonell transport.

Eit næringsliv i stadig raskare omstilling kan berre eksistere der det er tilgang på arbeidskraft med variert kompetanse.

Ungdom med kunnskap og ambisjonar vil helst vere der det er tilgang på arbeidsplassar med varierte utfordringar og mogelegheiter.

Små lokalsamfunn kan ha større overlevingsevne dersom dei vert knytt saman med veg slik at folk og næringsliv har tilgang til større bu- og arbeidsområde.

E 39

Regjeringa har valt indre linje for E39 frå Skei til Ålesund. Dette inneber at E39 skal gå i tunnel under Utvikfjellet, før vegen kryssar Nordfjorden via ei hengebru ved Svarstad i Stryn, før den vert kopla til Kvivsvegen.

Det vert arbeidd med planar for bru også frå Anda til Lothe til avløyning av ferjesambandet her. Gjennomføringa av desse samferdsletiltaka vil også styrke grunnlaget for flyplassen på Anda.

For ein ny kommune ytre Nordfjord betyr desse vegprosjekta mellom anna kortare reisetid mellom Sandane og Nordfjordeid..


6.3. AREAL OG AREALBEHOV.

Alle kommunane reknar med å kunne dekke arealtrongen også i framtid.

6.4. TENESTEPRODUKSJON


Barnehage

| | Dekningsgrad styrarar og pedagogiske leiarar med godkjend barnehagelærerutdanning | Andel barn 1-5 år med barnehageplass |
|--------|--|---|
| Vågsøy | 100 | 87,7 |
| Eid | 91,7 | 97 |
| Selje | 100 | 87,8 |




Skule

| Kommune | Snitt gruppestørrelse, 1. - 10. årstrinn |
|---------|--|
| Vågsøy | 11,3 |
| Eid | 12,5 |
| Selje | 10,9 |



Pleie og omsorg

| Kommune | Andel innbyggjarar 80 år og eldre som er bebuarar på institusjon | Andel årsverk i brukerreitta tjenester m/ fagutdanning | Antall innbyggere 80 år og eldre med omfattande hjelpebehov som mottar heimetjenester |
|---------|--|--|---|
| Vågsøy | 8,8 | 68 | 25,4 |
| Eid | 18,8 | 74 | 6,1 |
| Selje | 14,8 | 65 | 29,6 |



6.5 SYSSELSETTING NÆRINGSSAMANSETTING

Kommunale årsverk per 1000 innbyggjarar.

Denne figuren seier noko om behovet for årsverk i yrkesaktiv alder (20-66 år) per 1000 innbyggjarar som må brukast innanfor ulike sektorar i 2013, 2020, 2040. Ved å sjå på behovet per innbyggjar i alderen 20-66 år korrigert for endringar som kjem av endringar i storleiken på befolkninga.

I berekningane er det teke utgangspunkt i same dekningsgrad og standard på tenestene som i 2013. Tenestedatane er henta frå KOSTRA 2013. Framskrivningane er basert på SSB MMM

Barnehage

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjar 20-66 år-

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---------|------|------|------|
| Samla | 24,5 | 24 | 24,7 |
| Selje | 18,7 | 22,8 | 24,6 |
| Vågsøy | 26,2 | 24 | 24,8 |
| Eid | 25,4 | 24,5 | 24,7 |

Grunnskule

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjar 20-66 år-

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---------|------|------|------|
| Samla | 25,3 | 25,2 | 26,1 |
| Selje | 31,8 | 26,7 | 37,6 |
| Vågsøy | 23,7 | 25,5 | 24,8 |
| Eid | 23,9 | 24,2 | 22,8 |

Pleie og omsorg

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjar 20-66 år-

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---------|------|------|-------|
| Samla | 53 | 57,9 | 89,5 |
| Selje | 64,3 | 70,9 | 114,4 |
| Vågsøy | 51,2 | 53,7 | 77,9 |
| Eid | 49,6 | 56,5 | 91,9 |

Privat og offentlig sysselsetting.

Figuren viser andel sysselsette i offentlig og privat sektor i kommunane i 2008, 2010, 2012 og 2013

2008

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---------|-----------|--------|
| Samla | 30 % | 70 % |
| Selje | 32 % | 68 % |
| Vågsøy | 25 % | 75 % |
| Eid | 35 % | 65 % |

2010

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---------|-----------|--------|
| Samla | 30 % | 70 % |
| Selje | 32 % | 68 % |
| Vågsøy | 25 % | 75 % |
| Eid | 35 % | 65 % |

2013

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---------|-----------|--------|
| Samla | 30 % | 70 % |
| Selje | 32 % | 68 % |
| Vågsøy | 25 % | 75 % |
| Eid | 35 % | 65 % |

Næringssamansetting.

Desse tala viser næringssamansettinga fordelt på primær, sekundær og tertiær næring i kommunane i 2013

| Kommune | PRIMÆRNÆRING | SEKUNDÆRNÆRING | TERTIÆRNÆRING |
|---------|--------------|----------------|---------------|
| Samla | 7 | 25 | 69 |
| Selje | 12 | 26 | 62 |
| Vågsøy | 5 | 27 | 68 |
| Eid | 6 | 23 | 72 |

Næringsstrukturen i dei 3 kommunane er ulik. Selje har størst sysselsetting innan jordbruk og fiske. Ingen av kommunane utmerker seg i høve sekundærnæringar som industri, medan Eid har størst sysselsetting innan tertiærnæringane og helse- og sosialtenester.

Nedanfor følger eit meir spesifisert oversyn over næringsstrukturen i dei 3 kommunane i ytre Nordfjord i 2014 ut frå bustadkommune og arbeidskommune. SSB2015.

| Næring | Syssette etter bustadkommune | | | | | |
|---------------------------------------|-----------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | Selje | | Vågsøy | | Eid | |
| | Antall | % | Antall | % | Antall | % |
| Jord, skogbruk og fiske | 142 | 9,8 | 153 | 5,1 | 163 | 5,0 |
| Bergverk og utvinning | 77 | 5,3 | 49 | 1,6 | 89 | 2,8 |
| Industri | 250 | 17,2 | 476 | 15,8 | 343 | 11,0 |
| Elektrisitet, vatn og renovasjon | 15 | 1,0 | 13 | 0,4 | 52 | 1,6 |
| Bygg-og anlegg | 93 | 6,4 | 253 | 8,4 | 319 | 10,5 |
| Varehandel | 96 | 6,7 | 402 | 13,3 | 381 | 12,1 |
| Transport og lagring | 146 | 10,01 | 273 | 9,0 | 175 | 5,6 |
| Overnatting og servering | 47 | 3,2 | 93 | 3,1 | 94 | 3,0 |
| Info og kommunikasjon | 38 | 2,6 | 40 | 1,3 | 39 | 1,2 |
| Finansiering og forsikring | 8 | 0,6 | 41 | 1,4 | 22 | 0,7 |
| Tekniske tenester og eigedom | 35 | 2,4 | 148 | 4,9 | 133 | 4,2 |
| Forr.tenesteyting | 39 | 2,7 | 116 | 3,8 | 68 | 2,2 |
| Offentleg adm. m.m. | 50 | 3,4 | 113 | 3,8 | 124 | 4,0 |
| Undervisning | 106 | 7,3 | 222 | 7,3 | 279 | 8,9 |
| Helse- og sosialtenester | 291 | 20,1 | 500 | 16,6 | 760 | 24,2 |
| Anna sosial og personleg tenesteyting | 35 | 2,4 | 110 | 3,7 | 86 | 2,8 |
| Ikkje oppgjeve | 11 | 0,8 | 19 | 0,6 | 16 | 0,5 |
| SUM | 1 451 | 100,0 | 3 021 | 100,0 | 3 143 | 100,0 |
| Næring | Syssette etter arbeidsstadkommune | | | | | |
| | Selje | | Vågsøy | | Eid | |
| | Antall | % | Antall | % | Antall | % |
| Jord, skogbruk og fiske | 133 | 10,7 | 147 | 5,0 | 165 | 5,7 |
| Bergverk og utvinning | 0 | 0 | 0 | 0 | 20 | 0,7 |
| Industri | 229 | 18,4 | 513 | 17,3 | 284 | 9,9 |
| Elektrisitet, vatn og renovasjon | 21 | 1,7 | 18 | 0,6 | 13 | 0,5 |
| Bygg-og anlegg | 88 | 7,1 | 233 | 7,8 | 335 | 11,7 |
| Varehandel | 67 | 5,4 | 394 | 13,2 | 361 | 12,6 |
| Transport og lagring | 121 | 9,7 | 264 | 8,9 | 185 | 6,4 |
| Overnatting og servering | 32 | 2,6 | 73 | 2,5 | 90 | 3,1 |
| Info og kommunikasjon | 6 | 0,5 | 47 | 1,6 | 18 | 0,6 |
| Finansiering og forsikring | 5 | 0,4 | 26 | 0,9 | 31 | 1,1 |
| Tekniske tenester og eigedom | 25 | 2,0 | 158 | 5,3 | 134 | 4,7 |
| Forr.tenesteyting | 78 | 6,3 | 105 | 3,5 | 31 | 1,1 |
| Offentleg adm. m.m. | 42 | 3,4 | 124 | 4,8 | 106 | 3,7 |
| Undervisning | 88 | 7,0 | 241 | 8,1 | 270 | 9,4 |
| Helse- og sosialtenester | 260 | 21,0 | 515 | 17,3 | 736 | 25,6 |
| Anna sosial og personleg tenesteyting | 36 | 2,9 | 95 | 3,2 | 77 | 2,7 |
| Ikkje oppgjeve | 11 | 0,9 | 20 | 0,0 | 18 | 0,6 |
| SUM | 1 242 | 100,0 | 2973 | 100,0 | 2 874 | 100,0 |

6.5.1. Sårbarhetsindikator

Denne indeksen seier noko om kor sårbart næringslivet i kommunen er. Ein kommune sin næringsmessige sårbarheit er i denne samanheng målt ved å kombinere tre indikatorar – hjørnesteinseffekt, bransjespesialisering og arbeidsmarknadsintegrasjon. Ein høgare verdi tilsvarar større sårbarheit. Denne sårbarhetsindeksen er utvikla av Telemarksforskning og viser sårbarheit til kommunane i Norge basert på 2011-tal. Den har vert omstridt, og for vår del lite retningsgivande, sidan den i høg grad har fokus på fiske og jordbruk.

| Kommune | SÅRBARHETS-INDIKATOR |
|---------|----------------------|
| Selje | 23,4 |
| Vågsøy | 21 |
| Eid | 10,4 |

6.6. PENDLING

Arbeidspendling

Utpendling. Denne tabellen viser i første kolonne frå venstre totalt tal arbeidstakarar busette i kommunen. Kolonne 2 viser tal og prosentvis arbeidstakarar som arbeider i kommunen og er busette i kommunen. Dei fem neste kolonnene viser dei kommunane som flest pendlar til, og den siste kolonna viser summen av tal pendlarar til andre kommunar. SSB 2014.

Innpendling. Denne tabellen viser i første kolonne frå venstre samla tal sysselsette i kommunen. Kolonne 2 viser tal og prosentvis personar som er busette i og arbeider i kommunen. Dei neste fem kolonnene viser dei kommunane som flest pendlar frå og siste kolonne er summen av dei som pendlar frå andre kommunar. SSB 2014.

Utpendling

| Kommune | Arbeids-takarar busett i kommunen | Pendlar ikkje | 1. | 2. | 3. | 4. | 5. | Andre |
|---------|-----------------------------------|----------------|------------------------|-----------------------|-------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------|
| Samla | 7 617 | 5 840 76,7% | Bergen 201 2,6% | Stryn 129 1,7% | Gloppen: 113 1,5% | Oslo: 76 1,0% | Førde: 50 0,6% | 1208 15,8% |
| Selje | 1 451 | 1 030 71% | Vågsøy: 120 8,2% | Eid: 40 2,7% | Bergen: 37 2,5% | Vanylven: 31 2,1% | Stryn: 26 1,8% | 167 11,5% |
| Vågsøy | 3 021 | 2 485 82,2% | Selje: 70 2,3% | Bergen: 79 2,6% | Eid: 75 2,5% | Førde: 23 0,8% | Ålesund 33 1,1% | 256 8,5% |
| Eid | 3 145 | 2 325 80,9% | Stryn: 94 3,0% | Vågsøy: 99 3,1% | Bergen: 85 2,7% | Gloppen 98 3,1% | Oslo: 41 1,3% | 403 12,8% |

Det er stor skilnad mellom kommunane når det gjeld eigendekning av arbeidsplassar.

Innpendling

| Kommune | Sysse- sette i kommun- ene | Pendlar ikkje | 1. | 2. | 3. | 4. | 5. | Andre |
|---------|-------------------------------------|------------------|-----------------------|-------------------------|--------------------------|-------------------------|-----------------------|-------------|
| Samla | 6 997 | 5 840 83,5% | Vågsøy 152 2,2% | Selje 120 1,7% | Eid 113 1,6% | Gloppen 93 1,3% | Stryn 88 1,2% | 597 8,5% |
| Selje | 1 150 | 1 030 89,6% | Vågsøy: 70 6,1% | Vanylven: 21 1,8% | Eid: 14 1,2% | Oslo: 8 0,9% | Bergen: 7 0,6% | 43 3,7% |
| Vågsøy | 2 973 | 2 485 83,6% | Selje: 120 4,0% | Eid: 99 3,3% | Bremanger: 49 1,6% | Vanylven: 31 1,0% | Bergen: 20 0,7% | 169 5,7% |
| Eid | 2 874 | 2 325 80,9% | Gloppen 80 2,8% | Stryn: 77 2,7% | Vågsøy: 75 2,6% | Volda: 43 1,5% | Selje 40 1,4% | 234 8,1% |

Anna døme – pendling mellom dei tre kommunene, inn og ut (kjelde SSB 2014)

| Kommune | Vågsøy 2014 | Selje 2014 | Eid 2014 |
|---------|-------------|------------|----------|
| Vågsøy | 2 485 | 70 | 75 |
| Selje | 120 | 1 030 | 40 |
| Eid | 99 | 14 | 2 325 |

6.7. KOMMUNALT TILSETTE

Samla ville ein felles kommune for dei 3 kommunane i 2014 hatt 1237,7 årsverk eller 8,35 % av innbyggartalet. Det er ein samanheng mellom tal kommunalt tilsette pr. innbyggjar og kommunestorleik.

| Kommune | Årsverk | Prosent |
|---------|---------|---------|
| Eid | 469,5 | 7,84 |
| Vågsøy | 500,1 | 8,22 |
| Selje | 268,1 | 9,74 |

6.8. ØKONOMISK STATUS

Driftsresultat og lånegjeld



Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunar og fylkeskommunar. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunar har til disposisjon til avsetningar og investeringar. Ifølge Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat for kommunesektoren under ett og over tid utgjere om lag 3 pst. av inntektene. Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fratrukket utlån og ubrukne lånemidler, i prosent av brutto driftsinntektene for same kommune.

Driftsinntekter

Driftsinntektene er summen av skatteinntekter, rammetilskot, øyremerka tilskot til løpende drift og gebyrer/salgs- og leieinntekter..

Utval finansielle nøkkeltal 2014 (Kjelde KOSTRA SSB)

| 2014 | Eid | Vågsøy | Selje | Kostra Gruppe 11 | Fylkesgj. snitt | Landsgj. snitt |
|--|--------|--------|--------|------------------|-----------------|----------------|
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 93,1 | 65,6 | 84,5 | 75,1 | 77,6 | 56,6 |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt | 3,6 | 1,1 | 0 | 3,1 | 3,8 | 5,2 |
| Overføring frå driftsrekneskapen, i prosent av brutto investeringsutgift | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,4 | 1,6 | 2,7 |
| Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter | 1,3 | 2,8 | 0,0 | 3,5 | 5,3 | 2,6 |
| Netto driftsutgift i kroner per innbyggjar | 54 334 | 53 615 | 59 480 | 55 590 | 60 123 | 53 049 |
| Netto driftsresultat i kroner per innbyggjar | -1 037 | 1 858 | -458 | 508 | 936 | 718 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar | 68 825 | 49 464 | 69 181 | 58 412 | 67 286 | 40 972 |




Det er og stor skilnad mellom kommunane når det gjeld kapasitet og driftsutgifter innanfor dei ulike sektorane.

Netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter 2014 (Kjelde KOSTRA)

| 2014 | Eid | Vågsøy | Selje | Fylkesgj. snitt | Landsgj. snitt |
|---|------|--------|-------|-----------------|----------------|
| Administrasjon og styring | 8,8 | 8,4 | 13,4 | 10,0 | 8,2 |
| Barnehage | 14,7 | 13,5 | 8,0 | 12,6 | 14,9 |
| Grunnskuleopplæring | 24,4 | 27,2 | 26,5 | 25,2 | 24,4 |
| Helse og omsorg | 33,7 | 40,8 | 45,4 | 41,0 | 38,0 |
| Sosialtenester | 3,6 | 2,2 | 1,3 | 3,3 | 5,1 |
| Barnevern | 5,1 | 4,7 | 2,5 | 2,6 | 3,4 |
| Vatn, avløp, renovasjon/avfall. | 0,8 | -0,7 | 0,2 | 0,2 | -0,7 |
| Fysisk planlegging./ kulturminne/natur/nærmiljø | 1,3 | 0,7 | 0,6 | 1,2 | 1,2 |
| Kultur | 4,7 | 2,3 | 0,5 | 3,3 | 3,8 |
| Kyrkje | 1,4 | 1,2 | 1,8 | 1,4 | 1,2 |
| Samferdsle | 3,1 | 2,3 | 2,8 | 2,4 | 1,6 |
| Bustad | -0,5 | 0,5 | -1,7 | -0,5 | -0,1 |
| Næring | 0,3 | 0,5 | 0,6 | -1,0 | -0,2 |
| Brann og ulukkesvern | 1,2 | 1,8 | 1,4 | 1,6 | 1,5 |

Her er ei spesifisering av posten: Netto driftsutgifter administrasjon og styring:

| Kommune | Netto driftsutg adm. og styring | Netto driftsutg. Styring og kontrollvirksomhet | Netto driftsutg. administrasjon |
|----------------|---------------------------------|--|---------------------------------|
| Eid | 8,8 | 1,0 | 7,9 |
| Vågsøy | 8,4 | 1,0 | 7,4 |
| Selje | 13,4 | 1,4 | 12,0 |
| Fylkesgj.snitt | 10,0 | 1,2 | 8,8 |
| Landsgj.snitt | 8,2 | 0,9 | 7,3 |



Døme på ei kommune med om lag 15 000 innbyggjarar er Askim, med lønnsutgifter på 3 418 000 i same tabellen. Kostra SSB 2014.

Eigenkapital og eigarskap


Fondsbeholdning

Kommunane si fondsbeholdning fordeler seg på disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk. Fondene er kommunenes økonomiske reserver. Tala vises i 1000 kroner. Tala er frå KOSTRA 2014.

Fond

| | Tal innbyggjar 1.1.15 | Ubundne Disposisjonsfond | Per innbyggjar | Bundne disposisjonsfond | Per innbyggjar |
|--------|-----------------------|--------------------------|----------------|-------------------------|----------------|
| Eid | 5 987 | 18 397 000 | 3 072 | 10 383 000 | 1 734 |
| Vågsøy | 6 082 | 5 081 000 | 835 | 11 591 000 | 1 905 |
| Selje | 2 752 | 1 042 000 | 378 | 8 153 000 | 2963 |

| | Tal innbyggjar 1.1.15 | Ubundne investeringsfond | Per innbyggjar | Bundne investeringsfond | Per innbyggjar |
|--------|-----------------------|--------------------------|----------------|-------------------------|----------------|
| Eid | 5 987 | 86 076 000 | 14 377 | 2 093 000 | 349 |
| Vågsøy | 6 082 | 17 849 000 | 2 934 | 1 995 000 | 328 |
| Selje | 2 752 | 11 000 | 4 | 145 000 | 53 |



Eigarskap

Kommunane har eigarskap i ulike føretak, her er nokre eksempel:

| | | |
|----------------|--------------------------|-----------|
| Eid Kommune | SFE AS | 1 070 300 |
| | NoMil | 213 000 |
| | Eid Industrihus | 3 274 000 |
| | Fjordvarme AS | 2 151 611 |
| Vågsøy kommune | Nordfjord Havnevesen | 1 800 000 |
| | Vågsøy parkering AS | 100 000 |
| | Nordfjordhallen drift AS | 220 000 |
| | ASVO Måløy AS | 100 000 |
| | Kystvegen Måløy-Florø AS | 240 000 |
| Selje kommune | Kystvegen Måløy-Florø AS | |

6.9. Andre økonomiske effektar ved ei samanslåing:

- Harmonisering av eigedomsskatt i ein samanslegen kommune
- Kor stor er forskjellen i gebyrnivå mellom kommunane
- Konesjonsavgifter og konsesjonskraft.

6.10. INTERKOMMUNALT SAMARBEID

| Samarbeid | Samarbeid om | Organisering | Eid | Vå | Se | Andre kommunar |
|---------------------------------------|-----------------------|---------------------------------------|-----|----|----|--|
| Nordfjordreådet | Regionråd | § 27-samarbeid | x | x | x | |
| Nordfjord Miljøverk IKS | Renovasjon | IKS-samarbeid | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger |
| Nordfjord Havn IKS | Hamnesamarbeid | IKS-samarbeid | x | x | x | Goppen Stryn |
| Nordfjord IUA | Mot akutt forureining | Interkommunalt utval | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger |
| Kommunerevisjonen i Nordfjord | Revisjon | § 27-samarbeid | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn |
| Kommunenett Nordfjord (Nordfjordnett) | IKT-samarbeid | § 27-samarbeid | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger |
| IKT-strategi | IKT-samarbeid | Vertskommune mod. | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger |
| Alarmsentralen i Sogn og Fjordane | Alarmtelefon | IKS-samarbeid | x | x | x | Alle kommunane i fylket |
| Brannvakt | Beredskap | Interkommunalt samarbeid | x | | | Volda kommune |
| Veterinærvakt | Veterinærvakt | Vertskommune mod. | | | x | |
| Veterinærvakt | Veterinærvakt | Vertskommune mod. | x | x | x | Bremanger |
| Krisesenter | Krisesenter | Vertskommune mod. § 28a | x | x | x | Heile fylket |
| Overgrepsmottak | | § 27 samarbeid | x | x | x | Heile fylket |
| Legevakt/ legevaktformidling | Legevakt | Interkomm.samarb. Vertskom.model 1 | x | x | x | Hornindal Stryn |
| Kreftkoordinator | | Vertsk.om.model 11 | x | x | x | Hornindal Stryn |

| | | | | | | |
|--------------------------------------|--|---|---|---|---|--|
| «God start» eining | Knytt til Nordfjord sjukehus | | | | | |
| Ambulant team | Psykatri 24 timars vakt | Interkommunalt samarbeid med spesialisthelsete nesta | x | x | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger Helse Førde |
| PPT | Pedagogisk rådgjevingsteneste | Interkommunalt samarbeid | x | | | Eid kommune og fylkeskom. |
| KAD-sengar | Kommunal akutt døgneining | Vertskom.model 1 | x | | x | Hornindal Stryn |
| Smittevern/miljø- retta helsevern | Smittevern/miljø- retta helsevern | Interkom. Samarbeid | | | | Kommunar i Sunnfjord og Sogn |
| SEKOM- sekretariat | Sekretariat- tenester for kontrollutvala | Vertskom.model 1 | x | x | x | Kommunane i Nordfjord og Sunnfjord |
| Rekneskap | Rekneskapsføring | Vertskom.model 1 | x | | x | |
| Nordfjord Vekst | Næringsutvikling | AS | x | x | x | |
| Reisemål Stryn & Nordfjord | Reiselivsutvikling | AS | x | | x | Gloppen Hornindal Stryn Bremanger Vanylven og private |
| In Via (Sandane Industri) | Arbeidstrening | AS | x | x | x | Fleire kommunar og fylkeskom. |

6.11. ORGANISERING

Politisk og administrativ organisering i kommunane i dag.

Eid kommune:

| Politisk organisering | |
|------------------------------|---|
| Kommunestyre | 29 representantar Partipolitisk samansetting: V 13, H 4, Sp 6, Krf 1, Frp 2, Ap 2 og SV 1. Formannskap: 9 repr. Ordførar: Venstre |
| Utval/komitear | <ul style="list-style-type: none"> • Samfunnsutviklingsutval • Driftsutval • Finansutval • Administrasjonsutval • Arbeidsmiljøutval • Kontrollutval • Valnemnd • Eldreråd • Råd for funksjonshemma • Ungdomsråd |

| Administrativ organisering | |
|-----------------------------------|---|
| Organisasjonsmodell | To-nivå |
| Organisering av rådmannsnivået | Rådmann + for tida 3 kommunalsjefar |
| Stabsfunksjonar | Økonomiavdeling Personalavdeling Service/fellessekretæriat Rådmannen sin stab |
| Oppvekst | <ul style="list-style-type: none"> • 1 ungdomsskule • 4 barneskular • 4 barnehagar • Operahuset Nordfjord • Kulturskule i Eid • Eid bibliotek • Helsestasjon • Barnevern |
| Helse og omsorg | <ul style="list-style-type: none"> • Fysioterapitenesta • Vernepleietenesta • Heimetenesta • Eid sjukeheim • Eid eldretun • Legetenesta • Interkommunale tenester Nordfj. sjukehus |
| Andre sektorar | <ul style="list-style-type: none"> • Driftsavdeling • Plan- og utviklingsavdeling • Beredskap og førebygging |

| | |
|--|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> • NAV • Flyktingteneste • Vaksenopplæring |
|--|---|

Vågsøykommune

| Politisk organisering | |
|------------------------------|--|
| Kommunestyre | Kommunestyret har 27 representantar Partipolitisk samansetting: V 4, H 8, Sp 4, Krf 2, Frp 4, Ap 3, SV 1 og Bryggjalista 1. Formannskap: repr. Ordførar: Høgre |
| Utval/komitear | <ul style="list-style-type: none"> • Oppvekst og kulturutval • Helse og omsorgsutval • Administrasjonsutval • Arbeidsmiljøutval • Kontrollutval • Valnemnd • Eldreråd • Råd for funksjonshemma • Ungdomsråd |

| Administrativ organisering | |
|-----------------------------------|---|
| Organisasjonsmodell | To-nivå |
| Organisering av rådmannsnivået | Rådmann + 2 kommunalsjefar |
| Stabsfunksjonar | Økonomi Personal Service/fellessekretæriat Rådgjevar oppvekst Flyktingeteneste |
| Oppvekst | <ul style="list-style-type: none"> • 1 ungdomsskule • 5 barneskular • 6 barnehagar • Kulturskule • Kultur: Kulturskule og bibliotek • Vaksenopplæring |
| Helse og omsorg | <ul style="list-style-type: none"> • Heimetenesta • Område Vågsøy • Område Fastlandet • Kulatoppen institusjon • Velferd: Legetenesta, psykisk helseteam, barnevern, fysioterapi, habilitering, helsestasjon, koordinerande eining |

| | |
|----------------|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • NAV • Folkehelse • Kommuneoverlækjar |
| Andre sektorar | <ul style="list-style-type: none"> • Drift og anlegg • Plan og utvikling • Eigedom • Flyktingteneste • Vaksenopplæring • Næring plan- og forvaltning |

Selje kommune

| Politisk organisering | |
|------------------------------|---|
| Kommunestyre | 17 representantar Partipolitisk samansetting: Ap 1, Frp 4, H 3, KRF 3, Sp 1 og V 0. Formannskap: 7 repr. Ordførar: Tverrpolitisk Formannskapet |
| Utval/komitear | <ul style="list-style-type: none"> • Administrasjonsutvalet • Arbeidsmiljøutvalet • Kontrollutvalet • Beredskapsråd • Eldreråd • Råd for menneske med nedsett funksjonsevne • Dyrevernemnd |

| Administrativ organisering | |
|-----------------------------------|---|
| Organisasjonsmodell | To-nivå |
| Organisering av rådmannsnivået | Rådmann + f.t.1 kommunalsjef (vert endra til 2 driftsrådgjevarar) Økonomisjef er stadfortredar for rådmann ved fråver. |
| Stabsfunksjonar | <ul style="list-style-type: none"> • Servicekontoret: Post, Arkiv, service • Økonomi • IKT |
| Oppvekst | <ul style="list-style-type: none"> • PPT • 3 barneskular • 1 oppvekstsenter • 1 ungdomsskule • 1 vaksenopplæringscenter • 3 barnehagar • 1 kulturskule |

| | |
|-----------------|---|
| Helse og omsorg | <ul style="list-style-type: none"> • Seljetunet omsorg og rehabilitering • Eldretun, 34 leiligheter fordelt på Selje, Flatraket og Stadtlandet. • Tryggleiksavdeling på Seljetunet. • Heimetenesta • Institusjonskjøkkenet • Legekontoret • Helsestasjon |
| Andre sektorar | <ul style="list-style-type: none"> • Byggesak og regulering • Kart- og oppmåling • Brann, feing og redning • Kommunalteknikk |

6.12. TEKNOLOGI

Løysinga i Nordfjord. Server- og nettverksdrift for Nordfjordkommunane (Stryn, Hornindal, Gloppen, Eid, Bremanger, Vågsøy og Selje) er samla i Vågsøy, Nordfjordnett, med backup i Eid. Unnateke Bremanger er det etablert eigen fiber mellom alle rådhusa.

6.13. AVSTANDAR

Nedanfor følgjer ei oversikt over avstandar mellom kvart kommunesenter og ytterpunktta i kvar kommune.

Eid kommune:

| | | |
|---------------------------|---------|----------------------|
| Midthjell – Nordfjordeid | 26,5 km | Reisetid ca. 25 min. |
| Torheim – Nordfjordeid | 19,5 km | « ca. 25 min. |
| Navelsaker – Nordfjordeid | 26 km | « ca. 35 min. |
| Leivdal – Nordfjordeid | 7 km | « ca. 12 min. |
| Holmøyvik – Nordfjordeid | 27 km | « ca. 25 min. |
| Hennebygda – Nordfjordeid | 17 km | « ca. 27 min. |

Vågsøy kommune

| | | |
|------------------|---------|---------------------|
| Kråkenes – Måløy | 23 km | Reisetid ca. 31 min |
| Vågsvåg – Måløy | 5,6 km | « ca 8 min |
| Bryggja – Måløy | 21,6 km | « ca. 20 min |
| Refvik – Måløy | 9,3 km | « ca. 11 min |
| Husevåg – Måløy | 10,7 km | « ca. 40 min |

Selje kommune

| | | |
|---------------------|---------|---------------------|
| Ytre Fure – Selje | 26,8 km | Reisetid ca. 36 min |
| Ervika – Selje | 30,4 km | « ca. 41 min |
| Flatraket – Selje | 30,4 km | « ca. 34 min |
| Kjødepollen – Selje | 10,3 km | « ca.13 min |

Mellom kommunesentra:

| | | |
|----------------------|---------|---------------------|
| Nordfjordeid – Selje | 63,3 km | Reisetid ca. 60 min |
| Nordfjordeid – Måløy | 54,3 km | « ca.49 min |
| Selje – Måløy | 45,6 km | « ca. 51 min |

7. FRAMTIDIGE OPPGÅVER.

Struktur.

Ekspertutvalet si tilråding for god kommunestruktur er:

- Kommunane bør minst ha 15.000 til 20.000 innbyggjarar for å sikre god oppgåveløysing.
- Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg dei funksjonelle samfunnsutviklingsområda.
- Staten bør redusere detaljstyringa, og ordningar for politisk deltaking bør vidareutviklast for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer.

Regjeringa meiner det ikkje er naturleg å stille absolutte krav til innbyggartal.

Modellar.

Ekspertutvalet har vurdert tre framtidige kommunemodellar. Utvalet går gjennom føremonar og ulemper ved disse modellane:

- Å vidareføre generalistkommuneprinsippet med kommunar som har 15. – 20.000 innbyggjarar.
- Storkommunar med fleire oppgåver som inngår i fylkeskommunane/regionane.
- Storkommunar med Oslo-status.

Utvalet har ikkje konkludert. Årsaka er m.m. at fylkeskommunen si rolle ikkje er avklara.

Mogelege oppgåver.

Ekspertutvalet har kome med indikasjonar på kva som bør vere dei nye oppgåvene. Dei meiner kommunar med minst 100.000 innbyggjarar, og som utgjer eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde, kan overta følgjande oppgåver:

- Vidaregåande opplæring
- Kollektivtransport

- Fylkesvegar

Kommunar med minst 15. – 20.000 innbyggjarar kan overta:

- Habilitering og rehabilitering
- Hjelpemiddel til personar med nedsett funksjonsevne
- Barnevernsinstitusjonar og fosterheimar
- Arbeidsmarknadstiltak i skjerma sektor
- Verkemiddel for lokal nærings- og samfunnsutvikling.

Utvalet meiner at ansvaret for psykisk helsevern og rushandsaming ikkje bør over til kommunane. Dei vurderer at spesialiserte teneste innan rus og psykisk helse bør ligge hos helseforetaka.

I Stortingsmelding 14 (2014-2015) har regjeringa vurdert nye oppgåver til større kommunar. Dette omfattar mellom anna:

- Varig tilrettelagt arbeid – VTA. Departementet seier at det kan vere hensiktsmessig å gje kommunane eit heilskapleg ansvar for brukargruppa. Dette talar for at VTA og VTO kan overførast til større og meir robuste kommunar. Spørsmålet skal utgreiast nærare.
- Hjelpemidlar. Departementet foreslår at ansvar for basishjelpemidlar kan overførast til større kommunar, men at det skal gjennomførast ein heilskapleg gjennomgang av hjelpemiddelpolitikken.
- Arbeids- og utdanningsreiser. Departementet gjer framlegg om at ordninga med arbeids- og utdanningsreiser kan overførast til større kommunar.
- Tannhelsetenesta. Departementet foreslår at allmenntannhelsetenesta, spesialisttannhelsetenesta og fylkeskommunane sitt ansvar etter tannhelsetenestelova vert overført til større og meir robuste kommunar.
- Habilitering og rehabilitering. Departementet foreslår at større kommunar kan få eit større ansvar for rehabiliteringstenester, men dette skal utgreiast nærare.
- Psykisk helse – distriktpsikiatriske sentre. Departementet foreslår å opprette ei forsøksordning med overføring av driftsansvar for DPS til kommunar som har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Notarius publicus vigsler og notarialbekreftingar. Domstolane si vigslemyndigheit kan overførast til kommunane. Det same gjeld notarialmynde til å bekrefte underskrifter av dokument og bekrefte rett kopi.
- Naturforvaltning. Forvaltning av små verneområder etter naturmangfaldlova §62 kan overførast til større kommunar. Departementet foreslår at fylkeskommunen sitt mynde etter innlandsfiskeforskrifta §2 kan overførast til større kommunar. Departementet foreslår også at fylkeskommunane sitt mynde til å fastsette utvida jakttid for einskilde framande/introduserte artar kan overførast til kommunane.
- Forureining. Departementet gjer framlegg om at myndigheit til å gje utsleppsløyve etter forureiningslova når det gjeld grønsakvaskeri og til å handsame saker vedkomande støy frå motorsportsbaner, skytebaner og vindmøller kan overførast til større kommunar.
- Tilskot til etablering av eigen bustad. Departementet gjer framlegg om at den personretta delen av tilskotet til tilpassing vert innlemma i rammetilskotet til kommunane. Dette krev at kommunane prioriterer arbeidet.

- Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av symjeanlegg. Departementet gjer framlegg om at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av symjehallar kan overførast til kommunane.
- Tilskot til friviljugsentralar. Departementet vurderer at ordninga er så utbreidd at det vil vere hensiktsmessig å overføre ansvaret for å gje tilskot til friviljugsentralar til kommunane.
- Vidaregåande opplæring. Departementet meiner at ansvaret for vidaregåande opplæring ikkje kan overførast til kommunane generelt, men at ansvaret kan overførast til dei største kommunane.
- Skuleskyss. Regjeringa foreslår at ansvaret for skysskyssen kan overførast til kommunar som tek over ansvaret for vidaregåande opplæring og kollektivtransport.
- Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Departementet gjer framlegg om at forvaltninga av utvalde kulturlandskap i jordbruket kan overførast frå fylkeskommunen til kommunane, men den endelege avgjerda om dette må utstå til etter jordbruksoppgjeret i 2015.
- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Departementet gjer framlegg om at forvaltninga av tilskot til vegbygging og til drift av taubaner kan overførast frå fylkeskommunen til kommunane.
- Tilskot til tiltak i beiteområde. Med større kommunar og generelt betre landbruksfagleg kompetanse gjer departementet framlegg om at forvaltningsansvaret for ordninga med slike tilskot kan overførast frå fylkesmannen til kommunane.
- Kollektivtransport. Departementet vurderer at det vil vere gevinstar å hente på å overføre ansvaret for kollektivtransporten til dei største kommunane.
- Lokal nærings- og samfunnsutvikling. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, i samarbeid med Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet, har bestilt ei utgreiing for å få klarlagt roller, tiltak og verkemidlar i kommunane sitt arbeid med lokal nærings- og samfunnsutvikling. Utgreiinga skal beskrive viktige utfordringar knytt til kommunane sin innsats, til dømes faktorar som kapasitet, kompetanse, likebehandling, verkemidlar og grenseflata mot andre aktørar.

8. TENESTETILBODET.

Kommunen som tenesteytar.

Det er fleire spørsmål som reiser seg m.a. gjeld det vurdering av tenestene med omsyn til kvalitet, kompetanse, tilgjenge, rekruttering, stordriftsføremunar og effektivisering.

Rettleiaren frå kommunal- og moderniseringsdepartementet nemner nokre av dei spørsmåla som reiser seg:

- Korleis vert den demografiske utviklinga fram mot 2040?
- Kva vil vere arbeidskraftbehovet og rekrutteringa i dei ulike tenestene framover?
- Korleis vil ei eventuell kommunesamanslåing kunne påverke djupne og breidde i tenestetilbodet?
- Korleis organisere tenestene i ein større kommune?
- Kva tenester vil ha same lokalisering som no, og kva tenester er det aktuelt å samlokalisere for å skape sterkare, betre og meir effektive fagmiljø?
- Kva vil ein større kommune ha å seie for innbyggjarane sitt tilgjenge til dei ulike tenestene?

- Kan ein ved ei samanslåing ivareta fleire oppgåver innanfor den nye kommunen og slik redusere det interkommunale samarbeidet?

Svak folkevekst og ei aldrande befolkning.

SSB sin prognose fram mot 2040 syner at ein ny kommune i ytre Nordfjord vil ha ein svak vekst i folketalet. litt nedgang i tal unge, nedgang i yrkesaktiv alder og aukande tal eldre.

Folketalsutvikling i dei tre kommunane: (Prognose SSB, middels nasjonal vekst MMMM)

Folketalsutvikling Eid kommune

| | 2020 | 2030 | 2040 |
|--------------------|-------|-------|-------|
| Folketal | 5 968 | 6 080 | 6 139 |
| % eldre over 67 år | 17,4% | 21,6% | 24,9% |
| % 16 - 19 år | 5,5% | 5,4% | 5,0% |
| % 20 – 66 år | 56,5% | 54,3% | 52,1% |

Folketalsutvikling Vågsøy kommune

| | 2020 | 2030 | 2040 |
|--------------------|-------|-------|-------|
| Folketal | 6 203 | 6 422 | 6 572 |
| % eldre over 67 år | 18,7% | 22,8% | 25,0% |
| % 16-19 år | 4,9% | 5,0% | 4,8% |
| % 20 – 66 år | 57% | 54,0% | 77,1% |

Folketalsutvikling Selje kommune

| | 2020 | 2030 | 2040 |
|--------------------|-------|-------|-------|
| Folketal | 2 743 | 2 747 | 2 722 |
| % eldre over 67 år | 21,5% | 26,3% | 28,0% |
| % 16-19 år | 5,1% | 4,2% | 5,4% |
| % 20 – 66 år | 56,1% | 50,0% | 48% |

Alle tre kommunane vil relativt sett få stor auke i eldre over 67 år.

Det vil krevje at ein stiller spørsmål kva tenestebehov som er naudsynt dei neste 10 – 20 åra.

Kommunen må alltid tilpasse tenestene til innbyggjarane, både i struktur, organisering og geografi. Innbyggjarane skal ha eit godt og likeverdig tilbod, uavhengig av kvar dei bur.

Den nye kommunen må ta avgjerd om kor desentralisert tenestetilbodet skal vere og om det vil vere føremålstenleg å innføre avstandskriterier for nokre tenester. Det er likevel venta at fyrstelinetenestene i stor grad kjem til å bli lokalisert som i dag, det vil seie der folk bur.

Ressursfordelinga mellom sektorane vert likevel utfordra. Særleg gjeld det trongen for auka kapasitet i eldreomsorga.

Kompetanse

Kommunane har god kultur for samarbeid. Det er etablert nettverk på mange fagområde. Ein må likevel rekne med motstand mot samling av tenester og fagmiljø i ein storkommune.

Fagleg forsvarleg.

Innbyggjarane og næringslivet skal ha rettsriktige avgjerder og lik handsaming. Dei føreset upartisk og effektiv sakshandsaming. Teieplikt og anonymitet er meir krevjande i mindre einingar. Det krev og relevant tilstrekkeleg kompetanse i kommunen. Mindre einingar har etter kvart problem med å sikre både breidde og djupne i kompetansen.

Rettstryggleik.

Vert rettstryggleiken betre i ein større kommune? Korleis kan ein ny kommune etablere system for eigenkontroll som kan redusere statleg tilsyn?

Kvalitet

Auka krav til kommunen som myndeutøvar kjem med fleire lovpålagde rettar og plikter, fleire og meir komplekse einskildvedtak og auka krav til rapportering.

Tenestene vert fleire og meir spesialiserte. Innbyggjarane set høgare krav til kvalitet. Dette utfordrar kapasitet og kompetanse. I tillegg har den statlege sektorstyringa, og særleg regelstyringa, blitt meir detaljert.

Storleiken og samansettinga av fagmiljøa har mykje å seie for kvaliteten på tenestene.

Kommunar med små fagmiljø er sårbare ved uventa hendingar som sjukdom og oppseiingar. Dei vil og ha mindre ressursar til å vidareutvikle tenestene.

Geografisk avstand, skilnad i identitet og tilpassing av politisk og administrativ system vil vere utfordringar for ei ny kommune.

For kommunen som samfunnsutviklar er det utfordringar med omsyn til å fremje ei langsiktig og heilskapleg utvikling for kommunen og regionen som heilheit. Fleire utfordringar vil krevje felles løysingar på tvers av eksisterande kommunegrenser.

Spørsmål kan til dømes vere:

- Avstand til mottakar av tenester?
- Tap av arbeidsplassar og auka reiseavstandar?
- Vert sakene handsama annleis enn i dag?
- Meir overordna planar?
- Kor godt klarar kommunen å stå åleine i eit 20-30 perspektiv?
- Er kommunen avhengig av nabokommunen for å levere lovpålagde oppgåver?
- Kva for gjennomføringsevne har kommunen, greier ein å nå måla ein set seg i kommuneplanen og anna planverk?
- Kva krav må stillast for å nå måla, og kva for effekt kan ein i så fall oppnå gjennom å bli ein del av ein større kommune?

Kva innverknad kan ein ny kommune ha på utviklinga av tenestetilbodet.

Kan den nye kommunen ta på seg oppgåver som i dag ligg til fylke eller stat.

Ein ny kommune i ytre Nordfjord vil kunne ta på seg dei oppgåvene som i Stmeld. 14 (2014-2015) er vurdert overført i høve folketalet.

9. INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Det har over tid utvikla seg interkommunale samarbeid på ein del område – både innanfor Nordfjord og også innanfor eit større nedslagsfelt – sjå oversikt ovanfor. Uavhengig av framtidig kommunestruktur vil det truleg vere behov for interkommunalt samarbeid innanfor einskilde område sjølv om trongen vil minke med kommunestorleik. Det er og eit spørsmål om kor omfattande det interkommunale samarbeidet kan vere før samarbeidsulempene blir større enn samarbeidsfordelane?

Vurdering av positive og negative sider ved interkommunalt samarbeid.

| Positive sider | Negative sider |
|--|--|
| Effektiv og rasjonell drift | Tidstjuv i forhold til leiing |
| Fagmiljø | Krevjande å etablere |
| Økonomi | Mindre politisk styring (avheng av samarbeidsform) |
| Breiare fagkompetanse | Avgrensa handlerom for den einskilde kommune |
| Klarar å løyse oppgåver ein elles ikkje ville ha klart å løyse | |

Ved kommunesamanslåing kan ein avvikle samarbeid der samarbeidet berre er mellom kommunane som er med i vurderinga av ny kommune. Ein må og vurdere å halde fram samarbeidet når samarbeid ikkje kan avsluttast utan konsekvensar for andre kommunar, det vil seie at samarbeidet strekkjer seg ut over kommunegrensene i den nye kommunen.

10. UTVIKLING AV EIN FELLES BUREGION

Som nemnt ovanfor under punktet overordna planar/andre planar, vil utviklinga av eit tidsmessigt samferdslettilbod ha svært mykje å seie for utviklinga av ein felles bu-region.

11. KORLEIS KAN EIN NY KOMMUNE VERE UTVIKLINGSAKTØR.

Med 3 sjølvstendige kommunar i regionen oppstår det lett intern konkurranse om utviklingsoppgåver. Med ein overordna plan og strategi for ein samslegen kommune, og ei politisk og administrativ leiing, vil forholda ligge betre til rette for heilskapleg tenking og at kommunen kan vere ein sentral utviklingsaktør for å trekke ny aktivitet til regionen framfor å konkurrere seg i mellom.

12. POLITISK ORGANISERING

Ein større kommune vil gje meir spesialiserte politikarar. Dette kan bidra til både å halde på engasjerte politikarar og rekruttere nye folkevalde. Det kan også stimulere til alternative politiske styringsmodellar og sterkare partiorganisering. Auka administrativ kapasitet og meir spesialisert kompetanse vil gjere tilrettelegginga for dei folkevalde og politiske prosessar betra.

Kommunelova opnar for at ein kan delegerer ei rad med oppgåver til kommedelutval. Modellar for kommunedelutval/bygde-/grendeutval og liknande har vore prøvd fleire stader og vil bli vurdert som ei erstatning for nærleiken til dei politiske organa som tradisjonelt har vore. Sikring av innbygarane si kontakt med det lokalpolitiske miljøet vil bli vurdert. Ved planlegging av ein storkommune bør ein nytte tid på å avklare arbeidsdeling og fullmakter mellom kommunestyre og eventuelle kommunedelutval.

Talet på kommunestyremedlemer og medlemer i styre, nemnder og råd vil bli monaleg redusert gjennom ei kommunesamanslåing. Partifordelinga vil og endre seg.

(Etter kommunevalet til hausten kan det lagast ei oversikt over partifordelinga i ein større kommune).

Korleis styre?

Aktuelle spørsmål vil vere:

- *Kva alternative former for deltaking vil vere aktuelle for å sikre og vidareutvikle det lokalpolitiske engasjementet i den nye kommunen?*
- *I kva grad er det aktuelt med kommunedels- eller grendeutval og kva mynde og oppgåver er det naturleg å delegerer til desse eller administrasjonen?*
- *Korleis sikre representativitet?*
- *Korleis leggje til rette for at kommunestyret handsamar overordna saker*
- *Korleis tenke felles beste frå dag 1?*

Desentralisert sentralisering.

Eit sentralt spørsmål vil vere balansen mellom senter og periferi.

- *Kva skal ligge sentralt?*
- *I stor grad vil det vere mogeleg å ta vare på kommunale arbeidsplassar i dei gamle kommunesentra?*
- *Vil ein desentralisert administrasjon svekke den nye kommunen si rolle som aktiv samfunnsutviklar?*
- *Veil den nye kommunen vere ei betre motvekt mot utflytting og sentralisering?*
- *Korleis vil organiseringa påverke arbeidet med å sikre, vidareutvikle og skaffe nye statlege arbeidsplassar?*

13. ADMINISTRATIV ORGANISERING

Den administrative organiseringa av ein ny og større kommuneining vil bli skissert i utgreiingsarbeidet. Det finst funksjonelle og gode lokale, dette må det takast omsyn til. Er det mogeleg å tenkje seg ei desentralisert sentralisering? Går det ut over effektiviteten om nokre av dei administrative oppgåvene i den nye kommunen vert fordelt på dei gamle kommunesentra? Ny teknologi vil stø opp om ei slik løysing. Eit eksempel på dette vil vere rekneskap, lønn, innkrevjing og skatteoppkrevjarfunksjonen. Organisering av rådmannsnivået må samlast på ein stad. Men til dømes funksjonar som landbruk og miljø kan ligge andre stader. I denne samanheng er Selje og Vågsøy dei største jordbrukskommunane.

Funksjonar som bør ligge i rådhuset.

| |
|-----------------------------|
| Rådhusfunksjonar |
| Rådmann |
| Med stabfunksjonane |
| Kommunalsjefar |
| Økonomisjef og personalsjef |
| Plan og utviklingsavdeling |

Utfordringa her er å organisere dei administrative tenestene, og tenesteproduksjonen, slik at ikkje mykje av arbeidsdagen går med til reisetid både for dei tilsette og dei som vil ha utført tenester.

Kommunane i Nordfjord, medrekna Bremanger, gjennomførde i 2002/2003 eit større samarbeidsprosjekt. Rapport frå styringsgruppa for prosjektet er dat. 01.04.2003. Her er det skissert ulike samarbeidsløysingar for følgjande tenester: Brann (brannførebyggande arbeid og tilsyn), Geodata, Skatt, Rekneskap. Landbruk og kommunalteknikk. Det vart ingen realisering av det skisserte samarbeidet, men kan no takast fram att.

14 TENESTEPRODUKSJON.

Kommunane sin tenesteproduksjon skal i utgangspunktet kunne gå føre seg tilnærma upåverka av endringane i kommunestrukturen. Denne produksjonen tek utgangspunkt i der folk bur, og det er bygt opp ein infrastruktur for å ivareta denne.

Nedanfor følgjer ei opplisting som viser døme på tenester som ikkje bør endrast som følgje av reforma og kva som kan endrast.

| Ikkje endre | Vurdere å endre |
|---------------------|---------------------------------|
| Skule | Rehabilitering |
| Barnehagar | Psykiatri |
| Helse og omsorg | Rusbehandling |
| Legekantor | Oppmåling og byggesak (Geodata) |
| Kulturtilbod | Landbruk og miljø |
| Brannvern/beredskap | Brannførebyggande arbeid/tilsyn |
| | Reguleringsplanarbeid |

15 ØKONOMI

For å legge til rette for overgang til ein ny kommune for kommunar som slær seg saman, vil regjeringa nytte positive økonomiske verkemiddel som kan stimulere til kommunesamanslåingar i reformperioden.

Departementet vil dekke nødvendige eingongskostnader ved samanslåinga etter ein standardisert modell. Kommunar som slår seg i hop, vil kunne få reformstøtte for å lette overgangen til ein ny kommune, og dagens ordning med inndelingstilskotet vert vidareført.

Verkemidla vert gjort gjeldande for kommunar som slær seg saman i reformperioden, det vil seie samanslåingar der det er gjort nasjonale vedtak innan 01.01.2018.

Eingongsstønad.

Inndelingstilskotet i inntektssystemet skal sikre at kommunar som er slått i hop ikkje skal få reduserte statlege overføringer i ein overgangsperiode. Tilskotet har ein virkeperiode på totalt 20 år, der dei 5 siste er nedtrappingstid.

Det som går inn i inndelingstilskotet er:

- *Basistilskotet*
- *Småkommunetilskotet*
- *Distriktstilskotet Sør-Norge og Namdalstilskotet.*

Basis for inndelingstilskotet er slik det vert i 2016.

Reformstøtta vert fastsett slik:

| Tal innbyggjarar i samanslåinga | Mill.kr. |
|---------------------------------|----------|
| 0.10.000 innbyggjarar | 5 |
| 10 – 14.999 innbyggjarar | 5 |
| 15 – 29.999 innbyggjarar | 20 |
| 30 – 49.999 innbyggjarar | 25 |
| Over 50.000 innbyggjarar | 30 |

Eingongsstøtta vert fastsett slik:

| Tal kommunar/innbyggjarar i samanslåinga | 0 - 19.999 | 20 - 49.999 | 50 - 99.999 | Over 1000.000 |
|--|------------|-------------|-------------|---------------|
| 2 kommunar | 20 mill. | 25 mill. | 30 mill. | 35 mill. |
| 3 kommunar | 30 mill. | 35 mill. | 40 mill. | 45 mill. |
| 4 kommunar | 40 mill. | 45 mill. | 50 mill. | 55 mill. |
| 5 eller fleire kommunar | 50 mill. | 55 mill. | 60 mill. | 65 mill. |

Tilskota vert utbetalt ved samanslåing.

Illustrasjon/berekning av økonomisk utslag i Inntektssystemet (rammetilskot) 2015 ved endring i kommunestruktur.

Samanslåing Eid, Vågsøy og Selje.

| | |
|--|-----------------|
| Bereking knytt til inndelingstilskot | 1000 kr. |
| Tap av basistilskot (del av kostnadsutjamning) | - 25 674 |
| Tap av småkommunetilskot | - 5 475 |
| Tap/gevinst distriktstilskot | <u>4 495</u> |
| Kompensasjon ved inndelingstilskot | 26 654 |

Etter 15 åre trappes Kompensasjon ved inndelingstilskudd med 1/5 pr år og borfaller etter 20 år.

| | |
|--|-----------------|
| Andre utslag rammetilskot ink. Inntektsutj. | 1000 kr. |
| Gevinst/tap inntektsutjamning | - 942 |
| Endra utslag urbaniseringskriteriet (kostnadsutj.) | 1 775 |
| Endra utslag opphoping (kostnadsutjamning) | - <u>151</u> |
| Andre utslag | 985 |

| | |
|---|--------------|
| Økonomiske verkemiddel i reformperioden frå KMD | |
| Støtte til eingongskostnader (1000 kr.) | 30 000 |
| Reformstøtte (1000 kr.) | <u>5 000</u> |
| Samla | 35 000 |

Økonomi – Benchmarking.

Det er basert på Kostra-tal gjort ei enkel samanstilling for dei 3 kommunane og også sett inn tal frå ei kommune med om lag same folketal som ei ny samanslått kommune, her nytta Vennesla.

Tabellen syner kostnaden i kommunane kvar for seg og samanslått. Det er også sett inn tal for samla forskjell på dagens kostnadsnivå og ei ny kommune basert på beste praksis. Beste praksis er Vågsøy sine tal på administrasjon, Selje sine tal på barnehage osv.

Det er store skilnader på kva dei ulike kommunane i nyttar på dei ulike tenestene og det er ein del av reforma å frigjere og omfordele ressursar frå for eksempel administrasjon til pleie/omsorg.

Tabellane må lesast som eksemplifisering. Det er skilnader på kommunane korleis ein fører i Kostra m.v.

Netto driftutgifter administrasjon

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|------------|------------|------------|-----------|
| | 2014 | 2014 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Utgift pr. innb | 4 483 | 7 983 | 4 771 | 5 248 | 3 340 |
| Innb. | 6 065 | 2 740 | 5 990 | 14 795 | 14 189 |
| Netto utgift | 27 189 395 | 21 873 420 | 28 578 290 | 77 641 105 | |
| | Beste praksis EVS | | | 66 325 985 | |

Netto driftsutgifter barnehager

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|--------------|------------|-------------|-----------------|
| | 2014 | 2014 | 2014 | | 2014 |
| Utgift pr. innb | 122 209 | 107 211 | 130 175 | 123 304 | 113 894 |
| Innb. | 425 | 150 | 419 | 994 | 1 223 |
| Netto utgift | 51 938 825 | 16 081 650 | 54 543 325 | 122 563 800 | 139 292 362 |
| | Beste praksis EVS | | | 106 567 734 | |

Netto driftsutgifter skule

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|--------------|------------|-------------|-----------------|
| Utgift pr. innb | 116 076 | 136 616 | 95 859 | 110 786 | 106 073 |
| Innb. | 761 | 318 | 820 | 1 899 | 1 783 |
| Netto utgift | 88 333 836 | 43 443 888 | 78 604 380 | 210 382 104 | |
| | Beste praksis EVS | | | 182 036 241 | |

Netto driftsutgifter Kommunehelse

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|--------------|------------|------------|-----------------|
| Utgift pr. innb | 2 783 | 2 544 | 2 082 | 2 455 | 1 907 |
| Innb. | 6 065 | 2 740 | 5 990 | 14 795 | 14 189 |
| Netto utgift | 16 878 895 | 6 970 560 | 12 471 180 | 36 320 635 | |
| | Beste praksis EVS | | | 30 803 190 | |

Netto driftsutgifter pleie- og omsorg

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|--------------|------------|-------------|-----------------|
| Utgift pr. innb | 17 735 | 22 723 | 15 030 | 17 564 | 15 388 |
| Innb. | 6 065 | 2 740 | 5 990 | 14 795 | 14 189 |
| Netto utgift | 107 562 775 | 62 261 020 | 90 029 700 | 259 853 495 | |
| | Beste praksis EVS | | | 222 368 850 | |

Netto driftsutgifter sosialtjenesten

| | Vågsøy | Selje | Eid | EVS | Vennesla |
|-----------------|--------------------------|--------------|------------|------------|-----------------|
| Utgift pr. innb | 1 523 | 1 260 | 2 514 | 1 874 | 2 960 |
| Innb. | 3 517 | 1 601 | 3 470 | 8 588 | 8 514 |
| Netto utgift | 5 356 391 | 2 017 260 | 8 723 580 | 16 097 231 | |
| | Beste praksis EVS | | | 10 820 880 | |

POTENSIALE FOR OMFORDDELING VED EI SAMANSLÅING?

Ein god del av potensialet for omfordeling vil nok følgje av den politiske og administrative organiseringa som blir vald.

16 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Kva er det ein ønskjer å oppnå ved ei eventuell kommunesamanslåing?

- Få eit betre tenestetilbod?
- Få eit sterkare fagmiljø?
- Verte ein meir attraktiv kommune i høve busetning og arbeidsplassar?
- Få ein betre utbygd infrastruktur?
- Verte meir slagkraftig regionalt og nasjonalt?
- Få betre kommuneøkonomi og større handlingsrom?

Vurderingskriterier:

Her bør ein kanskje sjå på sterke og svake sider og/eller fordelar og ulemper
Det er naturleg å setje opp vurderingskriteriar som til dømes:

- Innbygarane si modning for samanslåing
- Næringsstruktur
- Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Tilstrekkeleg kapasitet